

14/5877

KNARVIK 08. 07. 2014

Lindås kommune
Arealplan
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Innspel til rullering/revidering av kommunplanen 2008

I samband med rullering/revidering av kommuneplanen i Lindås ønskjer eg som eigar av gnr. 199, bnr. 2, Haukås å setja av eit utmarksareal (LNF-område) på ca. 70 dekar til bustadføremål. Innanfor dette området har eg sett av 4 delområder på ca 20 – 25 daa som er tenkt nytta til bustadtomtar for einebustader. Frå før er det skilt ut 3 bustadtomtar i dette området, der berre 1 av parsellane er bygd ut med einebustadhus.

Området ligg på eit høgare platå enn våningshus og driftsbygningen samt den dyrka innmarka i Haukåsen og skrånar svakt oppover i nordvest og vestleg retning. Heile området har panoramautsikt mot Osterfjorden og ligg langt utanfor 100-m grensa mot sjø. Gjennom ei fornuftig planlegging vil alle einebustadene kunne plasserast på ein god måte med fin utsikt utan å verta liggjande i silhuett. Tidlegare var heile området dekkja av hogstmoden granskog som tidlegare i år vart hogge ned og henta ut.

Med dei miljøkvalitetane som området elles vil få med utvida avkjørsle frå kommunevegen og muligheit til å knyta seg til offentleg leidningsnett for vatn og kloakk, meiner eg området er svært godt eigna til bustadføremål for einebustadtomtar.

Er elles ikkje kjent med at det er registrert noko funn av fornminne eller andre viktige kulturminne innanfor planområdet.

Dersom innspelet verkar interessant kan vi saman ta ei synfaring og ein prat om det påtenkte bustadområdet.

Med venleg helsing



Jan Otto Haukås
Haukås
5915 Hjelmås

Vedlegg:
Utsnitt av kommuneplanen.

LINDÅS KOMMUNE	
Klasseang	
- 8. 07. 2014	
Ark saksnr	Løpenr
Saksnr	Tilgangskode